

Ny storsiger for 14-åringane

28.05.2013

14-åringane med 4 uskedelinger på laget fossar fram frå siger til siger og no har dei sett Harding til veggs med 7-1. Det var laget som vann heile KM etter å ha vunne pulja i serien sin. Denne gongen fekk dei ein flying start og scora etter 35 sekundar men Rosendal let seg ikkje stressa og heldt fram med sitt eige spel. Dei tok stadig meir kontroll og presterte mykje bra samspel

Sondre presterte faktisk 6 mål etter gode skot og mange fine løp i bakrom. I tillegg gjorde laget ein svært solid defensiv innsats.

Både Emil, Sondre, Martin og Karsten får god karakter. Ein referent skriv til dømes om Karsten at han spela offensivt og bra og Sondre var som ein forstår veldig effektiv og offensiv. Emil var bra som breidddehaldar og Martin var ein flink møtande spiss og til å trua bakrom, konstaterar referenten.